

Nyheitsbrev frå Flyktingtenesta

Utgåve 1, 2010

20 februar 2010

Dette skjer i 2010:

- Strengare reglar for familiesameining fom 01.01.2010
- Mange, raske språkprøve-kandidatar
- Opning av brukt- og byttesentral
- Seljord kommune skal gå gjennom organisasjonen
- 10 busettingar i 2010

Innhaldsskiildring:

Rekord i Seljord. 1

Olav Bjørge fekk Integreringsprisen 2009. 1

Fleire raske språkprøve-kandidatar 2

Eit opplæringsløp 2

Til Topps 2

Familiesameining 3

Busetting 2010 3

Bustad-problematikk 3

Kjæringråd 4

Rekord i Seljord?

Seljord kommune kan vise til gode tal når det gjeld flyktingar som har arbeid ved sida av introduksjonsprogrammet. Per februar 2010 har 8 av 16 (50%) av dei som går på introduksjonsprogram jobb ved sidan av programmet. Det er i hovudsak deltidsvikariat, men nokre har og fått faste deltidsstillingar.

For dei det gjeld er det himla viktig at dei får kome ut i samfunnet og gjere nytte for seg, om det så berre er eit vikariat på deltid. Kjensla av å kunne bidra til fellesskapet og å kunne tene sine egne pengar og klare seg sjølv, er like viktig uansett.

Og vi alle tener på det!

Det er i hovudsak kommunen sjølv som er blitt mykje flinkare til å rekruttere frå denne grup-

pa, men det private næringslivet kjem godt etter - Det blir spennande å sjå om det vil ha noko innverknad på fråflyttingsstatistikken om nokre år.

I tillegg til den gode situasjonen for dei som er under introduksjonsprogram, så er tala for dei som er ferdige på programmet heller ikkje så verst i Seljord.

Av dei som har fullført introduksjonsprogrammet her er ingen heilt arbeidsledige. For å få så gode tal så har det vorre naudsynt å vere fleksibel i høve til introduksjonslova. Vi meiner at det er så viktig å kunne vere i eit jobbmiljø at vi, i periodar, har gjeve permisjon frå dei delane av introduksjonsprogrammet som kolliderer med jobbtid.



For dei menneska som kjem hit heilt utan nettverk er det avgjerande at dei fort kjem i gang med å byggja eit. I den samanhengen er det ingen arena som er betre enn arbeidsmarknaden. Derfor er praksisarenaer i arbeidslivet så utruleg viktig.

Vi får berre håpe at den gode trenden held fram—og då er det berre ein god bustadmarknad som manglar for at folk blir i Seljord også i framtida.

Olav Bjørge fekk Integreringsprisen 2009

Det var ein velfortent pris som blei delt ut på tjuandedag jol på Granvin. Og prisvinnaren seier han er oppriktig glad for å få den. Ja, det må eg seie. Denne prisen sett eg umåteleg stor pris på. Eg må innrømme at eg blei litt rørt.

I snart tjue år har Olav Bjørge tatt i mot personar som har fått høve til å gjere noko meningsfylt og oppleve regelbunden aktivitet.

-Her har nok vorre ein 15-20 personar innom garden i korta-



re eller lengre periodar, seier Olav.

-Det har ikkje berre vorre lett!
Til tider ganske slitsomt.
-Det er ikkje så enkelt å halde

familien utafør når ein driv gard. Nokon gonger har vi nok blitt for mykje involvera.

-Det er klart at sjølv om det er eg som har drive med dette så har familien og blitt berørt, men vi er glad i mennesker og det er gildt å sjå når folk endrar atferd til det betre.

For det meste har Olav og familien hatt mykje utbytte av det engasjementet dei har lagt for dagen.

Vi gratulerer Olav Bjørge med ein velfortent pris.



Ein av innvandrarane som deltek på norskopplæring på vaksenopplæringa og som skal opp til språkprøve no i februar er Melinda frå Filipinane.

Fleire raske språkprøvekandidatar

Å lære flyktingar og innvandrarakar norsk språk er ein lang og krunglete prosess.

Elevane spenner frå dei med høgskule og universitetsutdanning frå heimlandet til dei som aldri har gått på skule før. Det sett store krav til lærarane. Lærarkvalitet, metodemangfald og tilnæringsalternativ blir ekstremt viktig.

Den store spreinga i elevane sine føutsettingar og utgangspunkt fører til at nokon treng mykje tid og mange timar før dei kan tilegne seg så mykje språk at dei kan nytte det funk-



sjonelt i kvardagen, mens andre berre sug til seg kunnskap i ei rasande fart.

I Seljord har vi heile spektret blant dei 19 elevane på den litte vaksenopplæringa. Det siste året har vi sett at mange av dei nye som har kome er personar som

er vant med å gå på skule. Dermed kjem dei fort opp til eit språknivå der vi kan byrje å stake ut vegen vidare. Samstundes er det nokon frå før som har trengt meir tid, men som no er klar til å teste seg på ei offisiell språkprøve. Dermed har vi åtte personar som skal opp til prøve no i februar 2010 og ytterligere nokre i juni.

Nokre av dei som skal opp no har gått på norskurs i mindre enn eit år. Det er ein utruleg progresjon som tyder på at vi har å gjere med menneskjer med store ibuande ressursar.

Ein får ikkje permanent opphaldsløyve om ein ikkje gjer plikta si og deltek på norskopplæring.

Eit opplæringsløp for ein vaksen innvandrar

Vi forventar at ein person som bur og lever her til lands saman med oss, óg kan kommunisere med oss på det nasjonale språket vårt. Dei aller fleste vil óg lære seg språket. Frå myndighetene si side er det, til ei viss grad, lagt til rette for at dei som kjem hit skal kunne lære seg norsk.

Du kan til dømes ikkje få permanent opphaldsløyve om du ikkje har delteke på 300 timar norsk. Ein person som kjem hit på arbeidsløyve må betale for

desse timane sjølve. Ein som er gift med ein nordmann eller som kjem hit fordi dei har løyve til familiesameining kan få rett til 2700 timar ekstra. Det same gjer ein flykting som kjem hit. Flyktingane har og plikt til å delta.

Språkopplæringa tek dei med på ulike progresjonsløp, der målet er at dei skal kome seg opp på eit funksjonelt nivå. Det mest vanlege er språkprøve 2. Dei som vil vidare på vidaregåande, høgskule eller



universitet tek ofte sikte på å nå nivå 3, mens dei er på vaksenopplæringa. Etter det ligg utdanningslandet open for dei. To år er normert tid hos oss.



På veg opp dei spektakulære fjellformasjonane på Galdhøpeiggen i juni 2009.

Til Topps 2010

For tredje gong skal Raude Krossen og Integrerings- og mangfaldsdirektoratet arrangere Til Topps 4. og 5. juni 2010.

Til Topps er eit gedigent arrangement som tek sikte på å fremje integreringsarbeidet rundt om i landet (det er ikkje så lett i desse islamafobitidene).

Toppen av Nord-Europas høgaste fjell, Galdhøpiggen 2469moh, er målet for turen som og vart arrangert i 2007 og 2009. Seljord kommune har



deltatt begge gongene. Første gong var det 700 personar frå heile landet som gjekk opp. I fjor var vi 1000 personar frå 80 ulike nasjonar, inklusive hans majestet kronprinsen, som

gjekk opp. Historia's første somaliske kvinne på toppen var ei frå Seljord!

I forkant har vi etablert turgrupper og gått opp på alle fjelltoppane rundt Seljord, Turane har vi satt inn i eit mangfaldig perspektiv; sosialt, kulturelt, folkehelse, språkopplæring, lokal- og naturkunnskap.

Seljord kommune har ikkje avgjort om vi skal vere med i år. Interesserte kan ta kontakt med flyktingkontoret.

Familiesameining - ny Utlendingslov

*"Du bær i dæ drømma så fær dem ifra dæ
Du har ikke mot og du har ikke ti'
Så får du'ke vite om lykka vil ha dæ
Om du bli fanga eller bli fri"*

Halvdan Sivertsen sin tekst i sangen, Sommerfuggel i vinternatt, famnar essensen i ein flyktning sitt kjenslev generelt og spesielt i høve til dei som har kome bort frå familien sin.

01.01.2010 blei reglane for å få innvilga familiesameining innskrenka. No blir det stilt strengare krav for dei som av naturlege orsakar ynskjer å få familien sin hit.

Det politiske motivet for å stramme inn regelverket er mellom anna at ein ynskjer å hindre tvangsekteskap og at ein ynskjer å stramme inn på innvandringa generelt. Dessverre er det ofte slik at nokon blir urettmessig straffa i slike innstrammingar.

Det er trist at ikkje alle er sikra retten til å vere saman med mamma og pappa, syster og bror. Det er trist at mor og barn blir splitta, at dei blir fanga i kvar sin verd utan reell moglegheit til å sameinast i vår verd.


Det er frustrerande å vere vitne til at draumane og lukka

forlet gode folk, og samstundes ikkje vere i stand til å gjere noko for å hjelpe dei.

Det er mest umogleg for ein far eller ei mor å førestille seg korleis det er; kvar morgon å vakne åleine, Spise alle måltida sine utan borna tilstades, kjempe seg gjennom månadane, og årene, i uvissa og fråveret, å ikkje ha nokon å pakke dyna trygt rundt om kvelden.

Einsemda kan bli ein trufast følgesfiende – ein som hindrar deg i å nå utvikling, lykke og eit godt liv. Det er vi som samfunn som kan endre på det.

<http://www.udi.no/>



Ein "sommerfuggel i vinternatt" einsam i Seljord, separert frå familien sin.

Seljord si busetting i 2010

Seljord kommune har det som dei fleste andre småkommunar i Noreg - avgrensa med ressursar, få offentlege tilbod og mangel på bustadar.

Desse høva er likevel ikkje til hinder for å busette flyktningar også i 2010.

Vedtaket i kommunestyret 29.10.2009, vil endre livet radikalt for dei 10 personane som får flytte frå eit asylmottak og hit til kommunen. Vedtaket tyder og på at politikarane i Seljord ser på busetting som

ein viktig og naturleg del av kommunen si verksemd. Om dei ikkje hadde vorre villig til å sjå på moglegheitene, men berre fokusert på utfordringane, så hadde dei vel velt å ikkje busette ein einaste ein.

For oss som faginstans er vi svært nøgd med det. Det betyr nemleg at vi kan halde fram med dei planane vi har. Vi kan halde fram med erfaringsinnsamling og kompetanseheving. Ikkje minst kan vi ta vare på den kompetansen som kommunen har på området—Noko

som igjen betyr at vi sannsynlegvis berre blir betre og betre på det vi gjer.

Effektiveringa av kommunestyret sitt vedtak er i full gong. Dei første er allereie komen. Det er to einslege kvinner frå Somalia. For oss som er så heldige at vi er blitt kjent med dei somaliske kvinnene, gler vi oss til å bli kjent med fleire. For dei som ikkje kjenner til somaliske kvinner så rår eg til å lese Karen Blixen, Mitt Afrika. *Når de somaliske kvinnene ler er det som en song av sølvbjeller.*

10 personar kan starte eit nytt liv som følgje av kommunen sitt vedtak!

Vi treng fleire bustadar

Seljord kommune skal busette 10 nye menneskjer i 2010. Det betyr at vi treng fleire utleigebustadar.

Frå år til år ser vi at behovet for kommunale utleigebustadar er stiaande.

Det er mange ulike grupper som treng ein stad og bu, men som har liten moglegheit til å skaffe seg det på den vanlege utleigemarknaden. Det kan

vere mange grunnar til det.

For dei som kjem hit som flyktningar er det gjerne språk, mangel på innsikt i den norske marknaden, økonomi og mangel på nettverk som hindrar dei i å kunne skaffe seg eigen bustad.

For dei private som har bustadar og leige ut så tek kommunen på seg ei ekstra oppfølgingsoppgåve i høve til burettleiing, informasjon og oppføl-

ging i bustaden, samt betaling av husleige. Dette gjev ein ekstra tryggleik til dei som leiger ut.

Har du eit utleigeobjekt så er vi svært interessert i å vurdere eit samarbeid.

Ein høveleg bustad er like viktig for alle og heilt avgjernade for vår trivsel som igjen påverkar våre prestasjonar.





Seljord Kommune
Brødløsvegen 13
3840 Seljord

Phone: 35 06 51 08

Fax: 35 06 51 10

E-mail:

per.atle.einan@seljord.kommune.no

www.seljord.kommune.no

Seljord kommune

Flyktingtenesta har ansvaret for at flyktningar som kjem til Seljord får ei tilrettelagt integrering i kommunen. Det betyr at vi har ein finger med i alt som er naudsynt for at ein flyktning kan organisere livet sitt ut frå tilnærma like premisser som ein innfødd nordmann. God kontakt med næringslivet, offentlege instansar og frivillige organisasjonar er viktig for arbeidet vårt.

Flyktingtenesta er ein koordinator mellom ulike instansar og flyktingen.

Tenesta driv med rettleiing og rådgjeving til flyktningar og alle som har med flyktningar å gjere.

Vaksenopplæringa underviser vaksne innvandrarak i norsk og samfunnskunnskap. Vaksenopplæringa fylger skuleruta for grunnskulen i Seljord. Undervisninga er på Borgen og på kommunehuset. Undervisningstida er frå kl. 08.30 - 15.00, måndag til fredag.

Ved avslutning av norskkurs, får elevane høve til å gå opp til offentleg språkprøve.

Elevgruppa er sett saman av tre ulike kategoriar elevar, flyktningar, familiesameinte og arbeidsinnvandrarak. Kontakt: wenche.heldal@seljord.kommune.no

Siste sida: Kjæringråd held koken

Kvinnfolka i kjæringrådet, denne fleirkulturelle kvinneklubben som blei oppretta i fjor, etter idé frå Vinje, held det gåande.

Dei er ikkje berre å pille på nesa. Eg får til dømes ikkje lov å kome dit fordi eg er mann. Ikkje ein gong om eg kjem som journalist. Eg må derfor gje fotoapparatet til eit kvinnfolk som skal dit, så ho kan ta bilete. Og så må eg fritte ho ut etterpå om kva dei gjer der—Og det dei gjer der har sett meg på tanken om eg kanskje skal freiste å kle meg ut i burka for å klare å snike meg innfor veg-



gane, for dei hev det drivanes artig har eg høyr, og mykje god mat diskar dei opp med.

I januar var det eritreisk dans som sto i fokus. Yrgalem, Maesho og Fnansynte fram nasjonale klede og dans og nokre av dei norske kvinnfolka fekk instruksjon.



Kari Lindhjem var etter det eg har forstått ei av dei ivrigaste (bilete til venstre).

Elles veit eg at dei strikkar, syr, pratar tull og drikk kaffi—og kven veit kva dei planlegg, men det skulle ikkje forundre meg om det er noko spenstige saker (er det nokon som har ei burka så kan eg finne det ut?)

Ser ein slike initiativ som **Kjæringråd** i eit større og lengre perspektiv så vil vi sjå at dei har utrlege ringverknader. Dei representerer så mykje meir enn berre ein sosial møteplass der og no. Dei bidreg til å auke den mellommenneskjelege forståinga, dei bygg relasjonar og utvidar kvarandre sine mentale horisontar. Når ein forstå og blir forstått trivast ein mykje betre. Når ein trivast godt presterar ein betre, ein lærer meir og er meir produktiv. For Seljord kommune som årleg investerer resursar i folketalsauke så er det viktig å få ut ei fortening i at folk blir buande her i den andre enden. Vi ser gjerne at fleire lag og foreiningar er offensive i høve til å treke inn flyktningar og innvandrarak i sine aktivitetar.

I mellomtida støtter vi **Kjæringråd** så mykje vi kan.